

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Velfjord

Emne: Felkelege musikinstrument Bygdelag:

Oppskr. av: Knut Strømpdal

Gard:

(adresse): Sterbørja

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fleire heimelsmenn.

SVAR

~~XXXXXX~~ A I ~~XXXXXX~~
~~XXXXXX~~

A I, 1. Fele. Fela har frå gamal tid vere brukt på Helgeland, så og i Velfjord. E Instrumentet vart kalla fele, i nyare tid fielin. Dei lauss delane som høyrde til ei fela vart kalla: Felekassen, felebogen, felestrengen, strengstelen og knettane.

A I, 2. Ein veit ikkje kva tid instrumentet kom i bruk. At det lyt vera lenge sidan kan ein skyna på det at fele er nemnt ofte i eldre gamle segner. Gamalt vart felene ofte arbeidd av folk innan bygda, men neken uvanleg flink felemaker har eg ikkje høyrte om. Dei som har arbeidd har berre arbeidd til seg sjølv og nokre få elles. Men feler er eg heilt sikkert kjøpt annan stads ifrå. Det levar ingen no som kankallast felemaker.

~~XXXXXX~~ Det er ikkje så mange no som spelar fele som før i tida, men heilt fortrent av andre instrument har fela aldri vere.

A I, 3. Sjå svar til føre spørsmål. Kvar dei fekk felene ifrå dei som ikkje vart arbeidd innan bygda har eg ikkje høyrte om. Av folk som i seinare tid har arbeidd feler kan nemnast Hjalmar Johansen fødd i Steine på Sæter-

2
landet, Jehan Fagerli , Sildkeven og Edvard
Fjeldet , Sterbørja. Men alle ~~xxxx~~ tre har
ikkje drive arbeidet i neke større målestekk.

A I , 4 . Dei felene eg har sett
xxxxxxxxxxxx
har vere arbeidd som vanlege feler som ein no
fær kjøpa hjå musikhandlarar. Kerleis felene
var gamalt har eg ikkje høyrte om , men det er grunn
til å tru at det har vere av den vanlege fele=
typen. Antal strengjer var eg det same.

A I , 5. Fjølene over og under var
xxxxxxxxxxxx
visst av gran , på sidene var det bjørk.

A I , 6 . Framstillingsmåten kan eg
xxxxxxxxxxxx
ikkje gjera nærare greide på . Men det kan henda
Erling Nikolaisen adr. Sæterlandet kunde gjeva
nærare eplysning om dette . Han har sjølv
arbeidd både basfeler og vanlege feler.

A I 7 Frå først av var det så vitt eg
xxxxxxxxxxxx
har høyrte brukt strenger av tarm (tarmstrenger) .
Kvintestreng av metal kom likevel tidleg i bruk.
I seinare tid har utan undantak berre kjøpesstrenger
vere i bruk. Kerleis det var gamalt om eg sene=
strenger kan ha vere i bruk er nogeleg , men eg
har ikkje høyrte neke visst. Om så var var det nek
berre som ei naudhjelp i ymse høve når ikkje andre
strenger var å få tak i.

Gamalt vart visst strengene arbeidd av folk
frå bygdane som var kunnig til det. Men det var visst
ikkje alltid at felespelaren sjølv som arbeidd
strengene . I seinare tid er det vanleg å kjøpe
strengene og det er snaut neken no som er kunnig
i å ~~xxxxxxx~~ arbeida strenger.

Kerleis dei vart laga har xxx eg ikkje
fått nærare greide på . Kanskje dei vart laga på
neke liknande måte som ein spinn senetråd.

A I 8. Neke brigde av instrumentet har det visst ikkje vere, stort sett då .

A I 9. Dei spela fele på same måten før sem no. Fela vart før ikkje minst brukt i festeg dans. Mykje meire før enn no , då eg andre instrument vert nytta. Særleg om sumaren og hausten utetter var det ikkje skjeldan ungdomen kom saman til dans. Og då var det fela dei spela på . Etter dugnad var det likeins. Etter arbeidet var ferdig skulde det vera leik og ofte dans med felespel. I brudlaup skulde det vera te felespelarar . Dei gjekk fyre brurfelka og spela både då dei gjekk til og frå kyrkja. Og i sjølve brudlaupsfesten spela dei inn bruregrauteu og spela medan folk la i brureskåla, ferutan at dei spela til dansen.

A I 10. Neken større variasjen av instrumentet veit eg ikkje om at det har vere.

A I 11. Gamalt prydde dei nok felene sine på ymse vis etter det eg har høyrte , men eg kan ikkje gjeva nærare greide på kerleis.

A I 12. Neke evertru eller sagn om opphavet ellerframstillinga av fela har eg ikkje høyrte. Men segner om kva bruk av fela er det mange. Vilde ein verta ein meir enn vanleg felespelar skulde ein såleis gå til kvernhuset julenatta og ta ein kjøtbeg med. Midnattstid kom det då ein og tok kjøtbegen og lærde mannen å spela. Sume sa det var nøkken, andre meinte det var fessekallen (fessegrimen) , men andre vilde vita det var den vende sjølv sem kom. Det siste var vel av nyare opphav enn dei to førstnemnde forestelningar og er vel kome inn etter

4
den trua kan , at det var synd å spela fele xx .

Visst tør eg likevel ikkje å segja det.

Mange slåttar er eg verte lert etter dei underjerdiske. Ole Arntsen ein kjent felespelar frå Velfjord brukte såleis å spela Jarnføra . Det var ein slått han hadde lert av ~~xxx~~ dei underjerdiske fertalde han. Han skulde eingong opp på taket av stua si då han med eit fekk eit slag over hovudet så han dāna nestan av og fekk med det same eit glytt inn til dei underjerdiske der det nett då var slikt vænt felespel. Då høyrde han jarføra fer første gongen.

I frå Vefsn er det fertalt om ein felespelar som lærde ein slått av dei underjerdiske. Han fekk høyra det spela inne i eit berg. Han lura seg bertil og lærde slåtten som vart spela. Det skulde vera ein ~~xxx~~ slik fin ein slått.

A. I 13 . Den bestef~~xxx~~ felespelaren folk no minnest er Ole Arntsen. Harald Strøm har røkt etter og skrive opp mykje om honom og sendt Arne Bjørndal, Bergens museum .

Andre felespelarar ~~xx~~ kan nemnast Merten på Liå og Jehan Arntsen på Julsaune. Dei er bāe daude ne.

A . VII. Salmediken.

1. Salmediken har frå gammalt vere kjent og vertte spela på i Velfjord. Det vanlege namn det gjekk under var så vitt eg veit salmediken , allvisst har det vere det i seinare tid. Men eg har eg høyrte instrumentet nemat salmedenk .

Til salmediken høyrde salmedikenbogen. Den var arbeidd av tre og hestetagl og hestetaglet vart stråke ever med kelekvint (som vart kjøpt) eller hard gørkeve før ein tek til å spela . På salmediken var det ein streng, den vart kjøpt. Gammalt laga dei til streng av tarmar liksom til fela. Strengen kaltes salmedikenstrengen . På salmedikenet var strengen fest til dei te salmedikenskruvane som var arbeidd av tre. På lydassen under strengen var det påsett ein salmedikenskala. På denne var fest sinkkala fer kvar tone i skalaen. Fer å få strengen til å vera i høveleg høgd ifrå lydassen vart salmedikenstolen sett under strengen på neke ut mot den eine enden av strengen der dei strauk bogen fram og attende.

2. Når salmedikenet kom i bruk veit ein ikkje, men det er truleg lenge sidan. Men det har ikkje den plass i gamal segn og tradisjen som fela har. Ein veit heller ikkje kvar det kom ifrå . Ne er det heilt gått av bruk utan at ein eigentleg kan segja at neke anna er komen istaden. Sjå elles under byinstrumenter.

3. Instrumenta vart til vanleg arbeidd innan bygda . At det vart kjøpt salmediken annan stads ifrå hende visst ikkje, det kunde då endast vera ved byteshandel. Neken serleg flink kar til å arbeida salmediken har eg ikkje høyrte om.

Både far og bestefar arbeidde salmediken, men det best berre til eige bruk å segja. Dei er bde døyde no.

4. Den ferne som vart nytta før salneken her var den vanlege elles i landet og eg har ikkje dei ymse måla . Men eg kunde nek få tak i dei om det kunde ha neken interesse.

5. Lydkassen vart arbeidd av tunne høvla berd av gran.

6. Framgangsmåten var nekse enkel. Det vart nytta sag høvl og kniv. Vandaste arbeidet var å få rette tjukna på berdet. På påplata vart det laga te lydhol i fern av ein latinsk ess berre mykje større enn bokstaven. Eg har eg høyrd at det vart arbeidd salmediken med berre eit rundt lydhol.

7. Sjå under svar 1. Det eg kan minnst vart strengen til salneken kjøpt. Men gamalt vart sikkert strengen arbeidd av tarm av serskilde strengemakerar. Framgangsmåten kjenner eg ikkje til.

8. Neke nemnande brigde har det visst ikkje vere .

9. Instrumentet vart spela på som elles i landet. Neken skilnad i gamal og ny tid har eg ikkje høyrd om. Salmediken vart mest brukt til å spela salmetenar på i heimane. Ein kunde nek og spela småsengtenar på det, men det var mindre brukt. ~~RxxixixxxxxRxxixixxx~~ Tenar til religiøse sengar som ikkje var med i salmeboka vart kalla småsengtenar.

I gamal tid vart salmediken eg bruka av læreren i skulen når han skulde lera barna å syngje. Men det var mest berre salmetenar som vart sunge.

10. Neke eigentlege variasjener av salmedi-
ken veit eg ikkje om . Det er då klangevingen i
påplata på lyd-kassen som vanlegast er te i form som
ein latinsk xxx S , men som eg kan vera berre eit
rundt hel. Det runde hel gav truleg kleinare klang,
men var lettare å arbeida. Lyd-kassen kunde eg ha
ymse skap kva dei ymse måla for breidd og høgd
vedken, men det kom truleg meire an på meir eller
mindre nøgje under arbeidet av dei ymse arbeidarane.
Den eigentlege normen for korleis det rette instru-
mentet skulde vera var visst eins.

11. Neken eigentleg prydnad på salmediken
har eg ikkje sett.

12. Neke ovtru eller segn i samband med
salmediken har eg ikkje høyrte. Salmediken vart
snaut gamalt sett på som eit fullverdig musikkin-
strument såleis som fela. Dette kan vel ha ned-
verka til at den ikkje er kome inn sagnkrinsen
slik som fela.

Det kunde nok verta innridsa teikn og bumerke
på salmediken som på så mykje anna i gamle dagar,
men neke nærare greide for det kan eg ikkje gjeva.
Har sett gamle salmediken med teikn på innskåre
med kniv, men korleis dei var hugsar eg ikkje.

13. Neken serleg flink spelman på salme-
diken har eg ikkje høyrte om. Salmediken vart elles
som alt nemnt berre nytta i skule og heim i det
små. Det skulde vel då mykje til for å verta namn-
gjeten for slikt spel.

A VIII : Repar.

1. Ein slaksrepar har vere i bruk . Den vart mest brukt til å gjeva signal med og vart av og til bruka på båta. Det vanlege namnet har vere lur, men det hadde ein annan skap enn den gamle luren som har vere i bruk her.

Den var av berre eit einaste stykke og gav berre ein tone. I seinare tid er den mykje nytta til signal i meterbåtar.

2. Når instrumentet først kem i bruk veit eg ikkje, men i den ferm det no har er det snaut så svert gamalt. Kanskje det er ein variasjon av lur og såleis er av eldre opphav. Som nemnt er no mykje i bruk til signal.

3. Dei vert no kjøpt om dei har vere arbeidd her kjenner eg ikkje til.

4 og 5. Det vert arbeidd av blikk og liknar neke lur på skapnad. Det er ei slaks tunge av metal som gjev lyden.

6 til 13. Neke anna opplysningar kan eg ikkje gjeva. Om det er dette eller den verkelege luren som vert nemnt i ymse segner , serleg frå båtferder med jekt eller farty er ikkje gett å segja , men truleg er det den verkjelege lur det der er tale om.

A : IX : Lur .

1. Lur er eit eldgamalt instrument . Det var kalla lur , sume tider vart det kalla gjetarlur . Om det dei kalla lur og det dei kalla gjetarlur var arbeid likveins veit og ikkje . Det kan ha vere fleire former av lur . Sjå elles under A X , 1 . Til luren høyrde ikkje neke lause delar .

2. Når instrumentet først kom i bruk veit ein ikkje , men at det er eldgamalt er sikkert . Ikkje veit ein kvar det er komen ifrå heller .

Det er no heilt gått av bruk og det fins ikkje eingong att frå gamle dagar det og veit . Det var i bruk til opp i 1880 åra . Men ein kan ikkje segja det vart førtrengt av neke anna instrument . At ein på dei tider slutta etterkvart med å gjeta krøtera kan kanskje ha hatt sitt å segja .

3. Lur vart arbeid av nevende karar innan bygda . Av dei eg har snakka med har eg ikkje funne neken annan enn Johan Nilsen Fjeldet adr Sterbørja , som hadde kjenskap til korleis ein lur gamalt vart arbeid .

4. a. Om det vart laga lurar av berre never tør og ikkje ssgja neke visst . Men eg har høyrte av gamle folk at det var fortalt , at gamalt blåste dei tenar på ei neverskrukka . Men korleis dei var arbeid eller korleis dei vart brukt veit og ikkje neke en .

4, b . Dei vanlege lurar som vart nytta her var arbeid av tre . Dei vart arbeid i te helver innhele og smalast i den enden ein skulde blåse i . Når dei te helvene var ferdigarbeid vart dei røyra saman med teger eller vidjer .

4 , c . Lurar med fingerhel har eg ikkje høyrte en .

4, d . Eg kjenner heller ikkje neken annan fern fer lurar enn den vanlege rette.

4, e . Så vitt eg veit vart det ikkje brukt neke laust munnstykke. Sjå elles X .

5. Luren vart laga heilt av tre . Gran var visst det vanlege emne eg det vart hogge på garden .

6. Korleis det vart laga er alt nemnt under 4 . Dei reidskap som vart nytta var vel øks , kniv og hålhøvl.

7 . Fell bert.

8. Kjenner ikkje til at det har vere neke brigde på det sidan gamalt.

9. Det vart nytta til ~~xx~~ å blåse i , mest brukt var det til å blåse ymse signal i. Når gjetaren t.d. hadde luren med når han gjette , så kunde han ~~kkkk~~ blåse i luren eg kalla dei vaksne til hjelp om vargen kom eg vilde drepa buskapen. Gjetarane hadde lur både til å signalisera til ~~kkkkkkkk~~ kvarandre eg til å lokke på krøtera med . Budeia på setra hadde eg lur med både fer å lekka på krøtera med eg fer å kunne signalisera om neke kom på , var berre tilhøva eg landslaget såleis at det gjekk an med det.

Den gamle luren er komen heilt bert. Det er berre få som har neke minne av han. Då revdyra varg , bjørn eg gaupe etterkvart vart rydde ut i utmarka slutta eg folk etterkvart med å gjeta krøtera . Krøtera vart berre slepte ut i hanninga om morgenen eg gjekk der til kvelden kom utan at neken såg etter dei. Og med denne enlegginga av gardsdrivta kom eg luren bert. Til å spela på kom det andre instrument som var laglegare eg desutan hadde sin fela som ein atter tek til å

//

nytta meire. Lurlåten kom bort med den tidsbolken som gjekk.

10. Det var visst fleire variasjonar, men då det ligg så langt att i tida kan det ikkje gjevast nærare greide for dei. På sume lurar var det ei tunge av tre som gav tonen, i andre fekk ein berre til tonen med munnen.

11. Om instrumentet var prydd på noko vis kjenner eg ikkje til.

12. Noko ovtru som knytte seg til luren har eg ikkje høyrte. Om det vart sett noko serlege teikn på han veit eg heller ikkje.

13. Eg kjenner ikkje til om det var lurar det gjekk an å spela på.

A. X. Bukkehorn (Bukkhornstut).

1. Bukkehorn vart før ikkje lite brukt til å blåse i . Istaden for å ha ein vanleg lur kunde gjetaren ha eit bukkehorn å blåse i. Forutan Bukkehorn vart det og kalla Bukkehornstut eller bukkehornlur.

Noko lause delar hørde ikkje med.

2. Når det først kom i bruk veit ein ikkje , men er truleg eldgamalt.

Ein og annan er det som har bukkehornslur framleis , men det er få imot det var før. Grunnen er kanskje den same som nemnt for lur.

3. Det vart arbeidd innan bygda.

4, a . Det vart laga av eit vanlegt bukkehorn som loet vart teke ut av, og så vart spissen saga av. Blåseopninga var som på lur der leppene lagar tonen. Allvisst var det det vanlege.

5. Er alt svara på.

6. Likeins.

7. Fell bort.

8. Noko eigentleg brigde har det ikkje vore.

9. Det vart brukt til å blåse i.

10. Det vart visst av og til sett inn ei tunga av tre til å gjeva tonen. Den variera visst og med og utan fingerhol.

11. Nokon serleg prydd var det ikkje.

12. Noko ovtru eller sagn har eg ikkje høyrte i samband med bukkehornslur.

13. Fell bort.

1258

A. X . Geithornlur.

1. Det vart og laga til ein slaks lur av geitehorn, geithornlur som det kallast. Til den høyrde det ingen lause delar.

2. Det vitas ikkje når instrumentet kom ibruk. Eg har i det heile høyrte om det berre frå ei einaste kjelda, Johan N. Fjeldet, som fortel at ein Aleksander Olsen Juvatn arbeidde slike lurar. Den er no heilt gått av bruk , så det fins ingen att. Den kom vel av bruk på same tid som dei andre lurar.

3. Det vart arbeidd i bygden av vyrkje som var i bygda.

4. Det var eit vanleg geitehorn som loe var teke ut av . Øvste spissen var saga av så det vart opning , og så var det tillaga sju fingerhol. Til å få til tonen var det som regel laga ei tunga ~~av metall~~ av metall. Ein kunde og variera tonen med å dekja over den nedre opninga. Når opninga var heilt dekt vart tonen ein oktav høgare.

5. Er alt svara på.

6. Er alt svara på.

7. Fell bort.

8. Nei ikkje det eg kjenner til.

9. Det var eit blåseinstrument og ein spela på det med bruk av fingerhola . Johan N. Fjeldet fortel at Aleksander Olsen Juvatn fekk til mange rare lydar på det, han kunde såleis brekta som ei geit på det. Det vart bruka berre for morro, ikkje til noko serleg bruk.

10. Kjenner ikkje til noko variasjonar.

11. Noko serleg prydnad var det visst ikkje på det.

12. Noko segner i samband med instrumentet har eg ikkje høyrte. Veit heller ikkje om det vart sett noko serlegt merke på det.

13. Eg har ikkje høyrte om nokon annan enn Ax før omtala Aleksander Olsen Juvatn som kunde xx spela ~~xxx~~ på det. Denne kan visst ikkje ~~xxx~~ ha hatt så rett liten musikals givnad. Han var såleis ganske bra til å spela på fele og. Haghendt var han og, serleg arbeidde han mykje av horn. Var såleis ein kjent skeimaker og arbeidde skeier av horn som var så vanlege før metallskeiene kom i bruk. Aleksander Olsen Juvatn døydde for ein ti år sidan pålag i otti års aldren. Han sat heile si tid i tronge små kår , men fekk ikkje noko av det offentlege det eg veit , vilde ikkje ha det. Han budde ei tid ved Juvatn i Velfjord. Stua der var så lite fortels det , at eingong han fekk ein kamerat på vitjing og denne skulde overnatte hos honom , så laut dei late opp døra då det leid ut på natta for at karane skulde få retta seg bein.

1256

A . XII. Seljefløyte.

1. Seljefløyte har frå gamalt vore kjent og brukt i Velfjord. Fløyta var kalla seljefløyta eller somtid selifløyta.

2. Ein veit ikkje kva tid fløyta først kom i bruk , heller ikkje kvar ho kom frå. Den vart mest brukt av born og ungdom til morro og den vert av og til brukt endå.

3. Seljefløyta vart arbeidd i bygda om vårane i savløyptida. Det er ikkje få som kan arbeidda seljefløyta av dei som endå levar.

4. Storleiken av instrumentet variera ikkje så rett lite korkje med omsyn til lengd eller til tvermål.

5. Matrealet fløyta vart arbeidd av var bork og ved.

6. Det vart leita ein passeleg tjukk seljestav som laut vera fin og slett utan kvist . Den vart skore til i høveleg lengd som dei vilde at fløyta skulde ha . Borken vart vride laus og treet teke ut. Eit høveleg trestykke vert drive inn i eine ~~enden~~ enden av borkstuten og eit lite hol vert skore i borken tett attmed treet, dette for å ha å blåse i. Ein brukar til vanleg ikkje anna reidskap enn kniv.

7. Fell bort.

8. Noko nemnande brigde trur eg ikkje det har vore.

9. Det var eit blåseinstrument og ein blåste på det som på ei anna fløyte. Det vart arbeidd seljefløyter med fleire hol og med å variere med

1258

å ~~hækk~~ halda handa meir eller mindre for den frie opningen på borkstuten kunde ein drive det så langt at ein spela tonar på det. Men vanlegast fekk ein likevel berre nokre få tonar til på det.

10 . Det var ikkje liten variasjon. Det vart arbeidd både av selje og av ymse pilsortar. Det variera elles i storleik og likeins i antal hol det vart skåre inn.

11. Det vart ikkje serleg prydd.

12. Noko ovtru eller segner i samband med det veit eg ikkje . Noko teikn vart ikkje sett på det.

13. Nei det vart for lite nytta til å spela toner på til at nokon skulde verta namngjeten for spelet.

A. XVII . Husorgel.

1. Husorgel er ikkje i spyrgjelista oppført korkje under A eller B, men då det gamalt har vore arbeidd slike orgel innan bygda og dei har vore spela på av vanlege bøndef tek eg det med her.

2. Kva tid det første husorgel kom veit eg ikkje . Det elste eg har sett var arbeidd av ein mann på Sørnskog i Vassbygda truleg i 1870 — 80 åra. Hans Lien og sonen Johan Lien arbeidde og husorgel , Hans Lien i sytti og otti åra , Johan Lien i nitti åra. Eit husorgel som er arbeidd av Johan Lien er endå i bruk. Det eiges av Johan N. Fjeldet adr Storbørja. Det har berre vore ein og annan som kunde spela husorgel og det er det framleis.

3. Gamalt trur eg snaut det vart innført noko. Dei hadde kjøpt orgelharmonika til orgel i kyrkja og det kan ha vore det som har vore mønster for dei som sidan har vore arbeidd. Men dette er berre gissing av meg. Dei eg har høyrte om er arbeidd i bygda. Johan og Hans Lien far hans var flinke orgelbyggjarar.

4. Dei likna eit orgelharmonika. Belgen var av semska sauskinn og låg flat og stod ikkje på kant . Frå trøene gjekk det snorar over eit par trinsar og til belgen, såleis at når ein trødde gjekk belgen opp og ned. Eg nyttar her dei namna som er brukt her i bygda. Tagentane var av tre med tunne belegg av bein der ein skulde trøkja på med fingrane. Tungene var arbeidd av massing og var lagt i ei râme ~~av~~ støypt av bly. Over denne râme låg demparen som var av tre . Frå demparen gjekk det ei

1251

snor opp til ein krok i enden på tåganten.

5. Sjøelve kassen var av tre. Sjøå elles dei
fyre ~~xx~~ svara.

6. Er alt svara på.

7. Fell bort.

8. Noko nemnande brigde veit eg ikkje om.

9. Det vart spela på som på eit anna orgel.

10. Nei. ~~ixxxx~~Nei

11. Nei ikkje noko serleg.

12. Eg kjenner ikkje til noko ovtru eller segn
i samband med instrumentet.

13. Etter det eg har høyrte var Hans og Johan
Lien som eg før har nemnt forutan å vera flinke
orgelbygjarar og flinke til å spela.

1256

1526

A . XVII. Ymse.

Spela på Massingkamm.

Dei kunde få det til å spela på massingkammar . Dei la eit papir på eine sida av kammen og ved å føra kammen fram og attende langs lippone fekk dei tonar til, når ein blåste samstundes. Grete Fjeldet lærde kunsten av foreldra sine då ho var ung. Ho kunde spela slåttar så bra at det gjekk an å dansa etter. Grete Fjeldet levar enno , men eg har ikkje høyrte henne spela, har visst gløymt av kunsten. Nokon annan som kunde har eg ikkje høyrte om.

Skoglur.

Det var vanleg å laga lurar av skoglur dei kalla . Skoglur er planta Angelica silvestris. Dei tok stengelen og skar han over såleis at dei vart opning i eine enden , men fast eller tett i andre. Med ein kniv skar ein så varsamt ei sprunge i den tilskårne stuten . Ved å blåse i den opne enden fekk ein så til ein tone som var fin eller djup etter som kor lang stuten var. Det var mest borna som hadde slike lurar å blåsa i om sumrane. Istaden for å skjera ei sprunge langs etter luren for å få til lyden kunde ein og gjera eit tverhakk ved den enden det ingen opning var. Då laut ein blåsa i den enden der hakket var, motsett det ein gjorde når ein skar ei sprunge langsetter.

Dåpipa.

Borna ~~xxx~~ brukte og å taka blomster av Dæe og

1258

B. Byinstrument.

Desse instrument er for det meste komne i bruk i seinare tid. Og alle er dei kjøpt ferdi=arbeidd. Piano og klaver var vel dei første som kom. Men dei vart aldri noko musikkspel for den vanlege mann. Det var hos propitarane eller hjå embedsfolk ein laut sjå etter dei .

Posetivet kom i 1890 - 90 åra. Det vart eit tak mykje nytta på dansefestar, men kom så litt etter kvart av bruk att . Og no er det snaut eit posetiv att i Velfjord. Fela og trekkspel har teke plassen. Posetivet var den vanlege mann som ha. Men så sers mange som hadde var det ikkje , Men den som hadde vart henta til dansetilskipingar og liknande. Det var og brukt i sume bryllaup. Noko instrument for å spela i heimane var det aldri. På Tilrums marknad var det eit tak ein blinn mann som for og spela posetiv han hadde sett religiøse tonar inn i . Men i Velfjord vart aldri anna enn dansemusikk spela.

Guitar kom seinare i bruk. Den har fått noko større utbreiding millom vanlegmann , men er langt frå noko vanlegt instrument.

Trekkspel har i den seinare tid kome ikkje så rett lite i bruk. Det er og eit instrument som er brukt av den vanlege mann.

Elles har det vore citer , fløyte , klarinet og kansje og sume andre instrument som har vore litt i bruk i seinare tid. Men i noko nemnande utstrekning er det ikkje.

Om det er kome nokon ny musikk til bygda med desse instrumente veit eg ikkje om eg kan segja. Dei gamle slåttane vert framleis spela t.d. på trekkspel , likens på piano der dei har det. Men gjennom notar er det lert mange nye både slåttar og andre tonar, så dette gjev musiken no eit anna præg. Dei eldgamle polsdansane er mykje gott gløynde. Likevel er den nye musiken ikkje komen til å fått nokon rett stor plass. Det er vals , masurka, galopp og reinlender som er dei mest vanlege dansemelodiar.

C. Larmeinstrument.

Primitive instrument.

Om desse instrument har eg ikkje rett mykje å fortelja. Noko eigentleg larmeinstrument veit eg ikkje om har vore i bruk her.

Av andre primitive instrument kan eg nemna desse : Ein kunde legja nevene ihop og blåsa i neven. Ein fekk då til ein ganske sterk tone og det vart av og til brukt for å varsle dei som ute var om å koma heim til middag t.d. Ein kunde og legja eit strå millom tommelfingrane og blåse , men det var visst ikkje brukt til noko praktisk tiltak, berre til morro. Ein kunde og blåse i never. Likeins i ei tomm flaske eller likande.

...D. Millomalderlege musikk-instrument.

Noko slike instrument veit eg ikkje om. Det er eit ordtak som mogleg kan peika på eit gammalt instrument som eg kan nemne. Når borna fingrar på lippene og let som dei spelar, så pla folk segja at dei spelar på slørva. Men dette ordtaket kan koma av heilt anna grunnar, eg nemnar det likevel her.